

Snøsøstera



DET
NORSKE
TEATRET





Kjære publikum

For to år sidan satsa vi stort med å pakke opp ei ny juleforteljing for helle familien på Hovudscenen. Maja Lunde og Lisa Alsatos julekalenderroman *Snøsøstera* var alt ein etablert juleklassikar, men å sjå forteljinga komme til live på scenen og opne seg som ei levande bildebok er likevel noko heilt anna. Og vi lykkast med å skape ei storslått og fargesterk juleforteljing som samla store og små i teatermørkeret. I år gler vi oss over at fleire barn og familiar kan få glede av framsyninga. Og kanskje nokon også har etablert ein ny juleteatertradisjon?

Historia om Julian og Hedvig er eit magisk univers som rommar både glede og alvor. Forteljinga loddar kanskje litt djupare enn dei tradisjonelle julehistoriene. Julian har mista søster si, og familien sørger. Kan ein likevel klare å gå vidare, sjølv når livet er som mørkast? Vår vesle helt klarer det. Han insisterer på å hugse, på å minnast, på å heidre søstera. Men også på å finne glede i det familien eig, nemleg kjærleiken til kvarandre. Og kva for høgtid er vel betre enn nettopp jula til å vise denne kjærleiken?

For mange kjem julestemninga med musikk. Framsyninga er gjennomkomponert med stemningsgivande musikk av Henrik Skram, som mange kjenner musikken til frå TV-serien *Snøfall*. Ein av våre fremste visesongarar, Odd Nordstoga, komponerte det vi meiner er ein ny juleklassikar til *Snøsøstera*. *Med Når alle andre sansar kan få kvile*, kan jula berre komme.

Men jula er også høgtida for kontrastar. Vi gler oss over det gode i livet og juletida, men det triste kan også tre klårare fram. Kanskje har livet endra seg det siste året, kanskje er ein stol tom ved bordet, eller familien har splitta lag. Kanskje har ein ikkje så mange å feire med. I *Snøsøstera* blir slike kjensler tatt på alvor. Og Julian finn ei løysing for seg, familien sin og Hedvig sin familie.

Teateret er ein samlingsplass. Mange har juletradisjonar knytt til fellesskapen som teaterrommet gir. Og det kan vere godt å dele desse kjenslene i eit større rom. Da kjenner ein seg ikkje så aleine. Det er ein fin tradisjon, synest vi på teateret.

Velkommen!

Erik Ulfsby // Teatersjef

Snøsøstera

av Maja Lunde og Lisa Aisato

Dramatisering: Maja Lunde

I samarbeid med Kilden teater og konserthus

Hedvig	GINA BERNHOFT GØRVELL
Julian	VETLE BERGAN / MATHIAS AUGESTAD AMBJØR
Henrik	PER SCHAANNING / SVEIN ROGER KARLSEN
John	JOAKIM OUSDAL
Augusta	MONA HUANG HØIVIK
Mamma	ELLEN BIRGITTE WINTHER / ANE DAHL TORP
Pappa	KYRRE HELLUM / ODDGEIR THUNE
Juni	HELENE BJERKE SVINDAL / VILDE SUNDFØR JOHANNESSEN
Statistar	BØRGE LØKKE KNUDSEN, EIRIK INGEBRICSON, MATHIAS RUSVIK, JONAS HESTVIK DAHL, HEGE AKER-IVERSEN, MARIUS BERON NØREGER, FREDRIK BJERKAN, YNGVAR KOLLSTRØM

Urpremiere 22. oktober 2022 på Hovudscenen

Nypremiere 12. oktober 2024 på Hovudscenen

I redaksjonen Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Drelås, Ingrid Kvam Østmark, Ida Michaelsen

Språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk

Foto Erik Berg og Dag Jenssen

Illustrasjoner Lisa Aisato

Grafisk formgeving Maiken Mathisen **Trykk** Aksell AS



Regissør	ALAN LUCIEN ØYEN
Scenograf	ÅSMUND FÆRAVAAG
Komponist og musikkansvarleg	HENRIK SKRAM
Kostyme- og maskedesignar	STINE SJØGREN
Videodesignar	MARTIN FLACK
Lysdesignar	TORKEK SKJÆRVEN
Lyddesignar	GUNNAR INNVÆR
Rulleskøyteinstruktør	LOUISA WARWIN
Dramaturg og regiassistent	ANDERS HASMO
Inspisantar	HEDDA HAALAND, ERLEND ERKKI STAMNES, TINE SMITH-HJELMERUD
Produksjonsmedarbeidarar	GRY HEGE ESPENES, HILDE NYEGGEN MARTINSEN
Rekvisitørar	ÅSHILD MJELDE NORDAAS, ELINE GUNDERSEN ÅS, ADA HESJEVOLL
Maskørar og parykkmakarar	EMBLA HØYLAND SKOGNES, JULIE SAND JOHNSEN
Lydteknikarar	VIBEKE BLYDT-HANSEN, JOSTEIN REISTAD, DANIEL SOTO DELGADO
Videoteknikarar	KNUT NIKOLAI BERGSTRØM, RAYMOND STUBBERUD
Kostymekoordinatarar	TORHILD JENSEN, LINE JEANETTE ANTONSEN
Lysmeistrarar	VILDE WESSEL LJUNGBERG OG CHRISTIAN MATHISEN
Scenemeister	STENE EVENSEN
Koordinatorar snikkerverkstad/smie	JARLE TEIGEN OLSEN, SIRI HUNDVIN
Koordinator målaralen	JARLE TEIGEN OLSEN
Teknisk produsent	STIAN NÆSS



Innspelt musikk

Spelt inn av Kristiansand Symfoniorkester i Konserthusen i Kilden teater og konserthus.

Dirigentar: Per Kristian Skjalstad, Torodd Wigum

Teknikar: Kristian Brønnebakk

Produsent: Henrik Skram

Tekst og melodi *Når alle andre sansar kan få kvile, Snøsøng og Godnattsong:* Odd Nordstoga

Musikarar på innspeling: Odd Nordstoga, Erlend Dahlen, Marius Reksjø og Svenn Erik Kristoffersen

Musikkmiks: Henrik Skram







Julian

Julian er snart elleve år og elsker lukta av granbar og peparkaker. Han har ekstra god grunn til det, fordi han har bursdag på julaften. Han elsker rett og slett jula, eller det vil seie: Han gjorde det heilt til storesøstera Juni døydde. No er jula trist, keisam og kald, og Julian gler seg ikkje over noko lenger. Kan møtet med Hedvig gje Julian julekjensla attende? Og kan ho hjelpe han å få hovudet over vatnet, ikkje berre i symjehallen, men òg i det levande livet?

Hedvig

Hedvig er ei merkeleg, leiken og sprudlande jente på ti år. Ho elsker livet og alt det morsame som høyrer til, slik som å drikke kakao med krem, stå på skøyter og å leike gøymeleik i Villa Kvisten. Livet er jo allfor morsamt til ikkje å leve det! Men nokre gonger må ein klare å finne roa, og kanskje treng ho ein gut som Julian for å klare det?





Foto: Ukjent fotograf, 1906, Nasjonalbiblioteket

Juletre

Av Åsne Dahl Torp

Tradisjonen med juletre stammar frå Tyskland, der arbeidarlaug byrja å ta inn tre ved juletider og pynta dei med eple og godter til barna, når dei samla familiane til julefest.


På 1800-talet kom tradisjonen til Noreg – først til dei rike familiane, og frå byrjinga av 1900-talet byrja juletree å bli allemannseige. Men i veldig ulike former. I byrjinga pynta ein treet med etande ting som eple, julekaker, kandissukkerstenger, rosiner på snor, fiken og små, kvite stearinlys. Ein tok det ein hadde; gamle perlehalskjede, sløyfeband eller ein kunne måle heile treet frostkvitt med melisglasur. Mot slutten av jula kunne godsakene på juletree «haustast». Seinare blei det vanleg å pynte med julekorgar med godter i, og det er det



Foto: John Fredriksons ERF, 1905, Nasjonalbiblioteket

framlais mange som har. Rundt 1900 kom det julepynt i butikkane, som glansa papir, sølvglitrande lenker, flagg, julekuler og pynt i ulike former, hjarte, fuglar, stjerner, sopp, englar, nissar eller klokker. I toppen av treet er det i dag mest vanleg å ha ei stjerne, men tidlegare kunne det også vere englar, spir, fuglar eller nissar, for eksempel.

Korleis pyntar de treet heime hos deg? •



Slik lagar du ein julehit!

Jul i stungen, Jolevise, Nissens song, Den lure nissen, Fransk julesong, Når alle andre sansar kan få kvile ... Lista er lang over julesongar med Odd Nordstoga's signatur. Men korleis lagar ein eigentleg ein julehit? Her er nokre tips frå meisteren, for den som vil prøve seg:

1. Tenk på snø og granskog.
2. Tenk på augeblinken da jula blir ringt inn, på å vere saman med familien.
3. Prøv å kalle fram ei fellesskapskjensle.
4. Gjer det litt enkelt, ikkje masse avanserte akkordar.
5. Songen bør gå i dur.
6. Musikken må gjerne gå i ei takt ein kan synge til.
7. Gjer det gjerne roleg, men likevel løfterikt og fint.
8. Det må vere nært og heimleg.
9. Melodien må vere veldig, veldig folkeleg. Men la deg gjerne også inspirere av det klassiske og barokke. I julemusikken går det høge og det låge opp i ei høgare eining.
10. Tenk deg at du skal krynte eit band frå stova heime til dei største katedralane nede i Europa.

Lykke til – og god joll!
Helsing Odd.







Maja Lunde

Eit av dei aller første minna eg har, må vere frå morgonen på julaften. Eg kan ikkje ha vore meir enn 4 år. Eg vakna sjølvstas tidleg, og tusla ut i stova der juletreet var tent og mamma hadde fyrt i peisen. Og så gav ho meg ein liten førjulspresang. Dette var før ein starta med strømper som er meir vanleg no, og det var Astrid Lindgren si bok *Jul i Bakkebygrenda*. Og så kan eg hugse at eg sat på fanget til mamma, ved peisen der det brann så vakkert og godt, og så las vi den heilt nydelege juleboka, som eg har lese så mange gongar igjen seinare. Og som eg synest er like fin kvar gong. Det er også det aller første minnet eg har av å bli lese for. Eg hadde foreldre som las veldig mykje for meg, og det er jo kanskje typisk for meg at det nettopp er boka som står sentralt i minna mine.



Lisa Aisato

Jula var alltid magisk i barndomen. Julaften var sjølvstas, men første juledag var kanskje aller best. Da hadde alle i familien endeleg god tid, og ein kunne gå rundt i pysjen heile dagen og fordjupe seg i splitter nye bøker og glitrande leiker. Eg hugsar at eg ei jul fekk ei fantastisk Playmo-sjørøverøy med hemmelege grotter, papegøyer og skjulte skattar. Eg trur vi leikte med den i 12 timar samanhengande og berre stoppa innimellom for mat og godter. Det var ei fantastisk romjul.

Odd Nordstoga

Her er det jul i Vinje i 1981. Ved sidan av biletet i albumet står det «Odd og Gunne hev fengjil DBS flaskur.» Ikkje så vanskeleg å tenke seg til heller det. Og syster mi har fått hanskår. Ein typisk situasjon etter gåvene er pakka ut. Salig rot på bordet og god stemming. I venstre handa har eg ein liten båt, som eg fekk av grandonkel og grandtante på Rui. Å få leiker var stas. Det einaste var at første juledag var vi i lag, alle søskenbarna i ein gedigen middag hos bestemor på andre sida av tunet. Da innsåg eg at søskenbarnet mitt hadde fått ein litt større båt. Det var bittelitt skuffande, men eg kom over det.





Alan Lucien Øyen

Eg hugsar at søster mi og eg stod og såg ut av vindaug et vesle julaften medan verda forandra seg der ute - snøen kom endeleg til jull! Å stå under lykta på hjørnet av inngangen til Ytre Markevei der vi budde, og sjå rett opp når det snødde, kjentest som å fly. Eg stiller meg framleis under den lykta når det snør.



Vetle Bergan

Annakvart år er det ribbe og annakvart år pinnekjøtt på julaften. Og det blir verkeleg ikkje jul før eg går ut i kjeledress i skogen på julaften og legg meg ned i skogen. Før eg dekker bordet, dusjar, kler på meg finklede og ventar på gjestene.

Gina Bernhoft Gjørvell

Julenissen som kom til oss på julaften spelte alltid saksofon. Eg ville vere julenisse, eg og! Her i trening.




Mathias Augestad Ambjør

Den eine nissebamsen på bildet må eg faktisk framleis sette fram den dag i dag for at det skal kjennest som jul. Så blir det heilt ordentleg jul når eg strevar med å opne valnøtter med ein sånn irriterande natteknekkar medan Sølvguttene syng jula inn. Da eg var liten kom det av og til ut ei ny Harry Potter-bok før jul, og da var det ingenting i helle verda eg ønskte meg meir. Ein nyare juletradisjon er at veslebror min har byrja å «vogue» til i Dovregubbens hall på julaften. Den tradisjonen er vi kanskje aleine om!

Joakim Ousdal

Kvar julaften hos oss starta på Vålerengahjemmet der vi laga julefest for dei gamle. Etterpå drog vi i kyrkja, før det var ekstra godt å komme heim til pinnesteik, riskrem, og pakkar under treet i eit julepynta hus. Eg elsker jul!



Helene Svindal

På dette bildet hadde eg kledd meg ut som julenissen for å overraske familien min, og overraske blei dei. Eg hadde gøymt meg bak ein stol, og da eg hoppa fram skvatt kusina mi så ho datt rett ned på rumpa.

Vilde Johannessen

Da eg var mindre, pla vi alltid å dra til kusinene mine på julaften. Fordi dei budde så nære, kørde vi alltid spark og sørge for å ta vegen med ein god nedoverbakke så vi kunne ha kappløp. Det var alltid meg og mamma mot veslebror min og pappa. Eg og mamma vann. Pappa knekte sparken da han kørde den rett inn i ei snøfønn med veslebror min på setet.



Mona Huang Høivik

I julegåve fekk eg alltid ein god teikneserie! Eg las Nemi og Donald. Som de kan sjå, blei eg tidleg krøkt, med ei kosedyr-and på bordet.

Åsmund Færavaag

Mitt beste juleminne frå barneåra er å stå opp ein mørk julemorgon og krabbe inn og liggje heilt stille under stovebordet til bestemor mi i Tjøllinggata i Tønsberg. Eg let dei tunge, fargerike broderte juledukane som rakk nesten heilt ned til stovegolvet skape den trygge, litt dunkle og varme barrieren eg trong for å filtrere lyset og alle dei oppspelte forventningane som denne store dagen bar med seg.



Stine Sjøgren

Elska jula, gjer det framleis. Eg har bursdag berre nokre få dagar før jul, så da blir alt det gode og artige konsentrert. Eg er lett å glede og let meg fort begeistre, noko som er rimeleg tydeleg på bildet. Alt frå eigen koffert til Lego, dokkevogn, ei pappeske fylt opp med kontorrekvisita som post-it lappar, ringpermar og viskelêr gjorde stor lykke hos meg! Eg elsker framleis å få gåver. Blir aldri for gamal til det!

Torkel Skjærven

Eg har alltid tvilt litt på om nissen finst, men den gongen da pappa ikkje igjen måtte springe til jobb etter middag, og nissen plutselig stod i døra likevel – dei var der begge to. Da blei eg ganske sikker på at han fanst!



Per Schaanning

Eg hadde så veldig ønskt meg hoppski til jul. Da vi hadde pakka opp alle gåvene var det ingen hoppski der... Eg blei frykteleg lei meg, men så spurde far min om eg kunne hjelpe han med noko i kjellaren - og der stod eit par flunkande nye Kongsberg hopp-ski med tre renner under! Deretter smurde vi skia med «hopplakk». Eg sov ikkje mykje den natta. Eg var så frykteleg spent på å prøve skia i bakken første juledag.



Svein Roger Karlsen

Den jula eg var tolv år fekk eg *Asbjørnsen og Moe Samlede eventyr* i tre bind. Eventyra har eg lese mange gonger, og bakene står framleis i bokhylla. Den finaste julesongen for meg er *Det lyser i stille grender*. Det blir ikkje julaften utan denne og før eg kjenner dufta av pinnekjøtt og kongerøyskule.



Ane Dahl Torp

Eg var kanskje fem, og ønske meg desperat eit kosedyr og omtalte som «en stor her Nilson» på ønskelista. Det sto berre dette på heile lista. Dei selde han på kjøpesenteret der vi budde, og eg følgde med, såg at lageret minka frå dag til dag, heldt foreldra mine orienterte om kor få det var att. På julaften fekk eg han, og kjende stor glede. Men så gjekk det gale, eit antiklimaks, eg veit ikkje, men kvelden slutta med at eg trampa på herr Nilsson mens eg gret og ropte «Dumme herr Nilsson!». Det var trist, eg kjende meg slem og hadde dårleg samvit alt mens eg gjorde det.

Vi vart vener igjen, men historia mellom oss enda også litt sørgeleg. Eg gløymde han att på besøk hos ei venninne i Bø, ho tok så godt vare på han at når eg omsider trefte dei igjen, venninna og herr Nilsson, lukta han av henne og hennar heim, og var liksom ikkje min lenger.



Oddgeir Thune

I min familie har vi alltid vore veldig oppteken av sjokolade.
Også i jula! I alle fall eg...



Ellen Birgitte Winther

Eg feira jul i barndomsheimen min kvart år frå eg blei fødd til eg var 31 år og gift. Eg elsker og elsker jula. Den beste presangen må vere den jula eg fekk både spark og fuskepels. Følte meg som ein million dollar da eg sparka rundt i den jakka. Eg var kanskje 8 år.



Kyare Hellum

Eg et alltid ribbe på julaften. Favorittjulelåta mi er *Deilig er jorden*. Ei jul fekk eg ein kjempestor sombrero – eg trur det må vere den raraste gåva eg har fått. Om det er noko eg MÅ gjere før det blir jul? Pynte juletreet. Det er ikkje jul før eg legg meg til sengs vesle julaften når alt er klart og pynta til jul.

Henrik Skram

Heime hadde vi ei kjempestor kiste der foreldra mine gøynde julegåvene. Denne kista står som eit magisk objekt for meg den dag i dag. Den jula eg fekk TO trommer var det altså mykje føling på pakkane i adventstid!



Louisa Warwin

Jula gleda eg meg alltid til. Her hadde eg gått på skøyter på teisen (og har på meg medaljen frå juleshowet), og no var det tid for julemiddag og *Jul i Blåfjell* på tv.



Gunnar Innvær

Eg trudde lenge på nissen.

Den raraste gåva eg nokon gong har fått er ein kitchy nips-hund til å ha i vindaugskarmen. Den forsvann fort ut av huset. Før det blir ordentleg jul må eg hogge juletre og bake til jul. Så må eg høyre favorittjulelåta

Mitt hjerte alltid vanker.



Martin Flack

Mi barndoms jul var å stå opp tidleg på morgonen og springe ned i stova og sjekke om julenissen hadde hugsa å fylle korgene på juletreet med Nonstop.






Juni

Juni var den morosame, småville og glade søstera til Julian – faktisk den gladaste Julian kjente, jenta som lo høgare enn alle andre. Men noko skjedde med Juni, ho blei plutselig stille, ho slutta å le, slutta å ete og slutta å vere morosam. Juni blei sjuk, ikkje av ein vanleg sjukdom, men av ein slags tristleik. Ho blei tynnare og tynnare, og så døydde ho berre. Alle saknar Juni, og jula er ikkje den same utan ho.





Augusta

Augusta er veslesøstera til Julian. Ho er fem år gamal og luktar akkurat slik barnehagebarn gjer, nemlig ei blanding av såpe, mjølk og våte gummistøvlar. Før Juni døydde var Augusta ei tøff lita jente, som visste akkurat kva ho ville. Mamma og pappa pleidde å kalle Augusta for Dynamitten, fordi ho kunne bli så sint. Men etter at Juni døydde, blir ikkje Augusta sint lenger.

Når alle andre sanser kan få kvile

Tekst og melodi: Odd Nordstoga

The image shows a musical score for the song 'Når alle andre sanser kan få kvile'. It consists of five staves of music in G major, 4/4 time. The lyrics are written below the notes, with chord symbols (C, F, Am, G/H, Dm, G, F, C, Dm/C/E, C/G, G) placed above the notes. The lyrics are in Norwegian and describe a person who is different from others, feeling a sense of peace and calm.

9 Eit bod ligg og vent-ar langt der ut-e blantstjern-er o-ver
skin det no-ko nytt i al-le - au-go no-ko nytt kjem o-ver

18 hav og fjell Det vent-ar på at ver-da ska' bli stil-le og klar te det kjem fram i
der du - står No-ko nytt er og i snø og tre der - u-te. for det bjen-kjer alt der som du

26 kveld Det bo-det er -kje slikt som øy - ro høy-er el-ler slikt som du med au - go ditt kan
går snarhøy-er du-det kim-er i el klok-ke og det syng av jo - le song frå alt i

34 sjå men tal - ar eit språk av det slag-et sommen-nes-ka sitt hjar-ta kan for
kring og myrk-ret med det un - der-le-ge ljøs-et det er bod - et som kom fram te al - le

43 stå For når al - le an dre sans-ar kan få kvi - le og - ro har fun-ne veg te al - le sinn
ting Berre 2x

då kanhjar-ta høy-re bo-det ut i myrk-ret og op-ne dø-ra si og la det ko-ma inn

51 1. 2. Dm C/E F G F G C

Då Og la det bli det som me kal-lar for

62 F F/E Dm F/C G/H F/A G G/H C F F/E Dm

ju - l og la det bli det me ka-la for ju - l

74 G F C F Am F

Når al-le an dre sans-ar kan få kvi - le og ro har fun-ne veg te al - le sinn

82 Am C F C Dm C/E F C/G G C

då kan hjar-ta høy-re bo-det ut i myrk-ret og op-ne dø-ra si og la det ko-ma inn
rit. . . .

Eit bod ligg og ventar langt der ute
blant stjerner over hav og fjell.
Det ventar på at verda skal bli stille
og klar til det kjem fram i kveld.

Det bodet er 'kje slikt som øyro høyrer
eller slikt som du med auga ditt kan sjå,
men talar eit språk av det slaget som
menneska sitt hjarte kan forstå.

Når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg til alle sinn
kan hjarte høyre bodet uti mørkret,
opne døra si og la det koma inn.

Då skin det noko nytt i alle auge.
Noko nytt kjem over der du står.
Noko nytt er og i snø og tre der ute,
for det blenker alt der som du går.
Snart høyrer du det kimar i ei klokke,
og det syng av jolesong frå alt ikring.

Og myrkret med det underlege ljuset
det er bodet som kom fram til alle ting.

Når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg til alle sinn
kan hjarte høyre bodet uti mørkret,
opne døra si og la det koma inn

og la det bli det me kallar for jul!

Når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg til alle sinn
kan hjarte høyre bodet uti mørkret,
opne døra si og la det koma inn.



Julenissen

Av Åsne Dahl Torp

Den norske nissen har eigentleg ingenting med jul å gjere, og er også kjent under namn som tuften, tuffekallen, tokkallen, tomten, haugetomten.

Nissen var eit leikent lite vesen kledd i vadmålsklede, knebukser og gjerne raud eller blå lue. Han heldt til på garden og såg til dyr, hus og folk, og det var best å halde seg inne med han. Derfor har det vore ein tradisjon å sette ut god mat til nissen, gjerne graut, ved jul. Det finst mange historier om kva som kunne skje dersom nissen blei misnøgd om han ikkje fekk julemat, eller om ein ikkje stelte pent med dyra. Det ville ein ikkje risikere!

Julenissen stammar frå Sankt Nikolaus (på engelsk Santa Claus), biskop i Myra i Lilleasia på 300-talet. Etter at han døydde, blei han helgen for sjøfolk. Alle som heiter Nils, er kalla opp etter han. Nilsmesse den 6. desember er hans dag, og etter denne dagen var det farleg for skip å reise frå land. Men Nikolaus blei også helgen for andre. Under mellomalderen blei han helgen for skolebarna, og gav dei straff



Foto: Jenny Nystrom, 1899, Nasjonalbiblioteket

eller påskjønning. I katolske skolar blei Nilsmesse feira med julespel. Da fekk barna som hadde vore flinke gåver av Sankt Nikolaus, medan dei som ikkje hadde vore flinke, fekk ris av ein figur kledd ut som ein smådjevul som han leidde i eit band. «Er det nokon snille barn her?» har altså ikkje alltid vore eit spørsmål som blir svart på med eit rungande «ja». Slemme barn fekk ris! ●






Foto: Jenny Nyström, 1899, Nasjonalbiblioteket

Julegaver




Av Åsne Dahl Torp

Tradisjonen med å gi gåver til jul er gamal, men i byrjinga var det på nyttårsaftan ein gav gåver til kvarandre. I mellomalderen var det gjerne tjenestefolka som fekk gåver. At det var barna som fekk flest gåver, blei først vanleg mot slutten av 1800-talet, og da var det gjerne nyttige ting som heimestrikka vottar, luer, forkle og jakker dei fekk. På 1800-talet var det nokon som hengde gåvene på sjølve juletreet, men ettersom gåvene voks i storleik, blei det vanleg å legge dei under treet, her i Noreg. Og det er det sjølvsgatt julenissen som gjer, er det ikkje? •







Det er lov å grue seg til jul

Ingenting er så koseleg som jula. Familien samlar seg, vi tar fram julepynten og tenner lys. Vi gir og får gåver, og alle er glade. Er det rart vi gler oss til jul? Eller? Vi tok ein liten prat med Maja Lunde om det å gle seg og *ikkje* gle seg til jul.

Au Ida Michaelsen // Foto Siren Høyland Sæter

– I jula blir både dei gode og dei vonde kjenslene skrudd opp på maksimal styrke. Om du saknar nokon, så blir det saknet ekstra sterkt på julaftan. Det tenkte eg mykje på da eg skreiv *Snøsøstera*, seier Maja Lunde.

Det kan vere mange grunnar til at barn ikkje gler seg til jul. Nokon vaksne stressar så mykje at det ikkje blir hyggeleg. Andre vaksne drikk for mykje alkohol og forandrar seg. I nokon heimar er det ikkje julefeiring. Da er det ikkje så kjekt å sjå at alle andre har det koseleg. Og at dei får finare og artigare gåver enn deg.

For nokon er jula trist fordi dei saknar den eine forelderen sin. Det har Maja Lunde opplevd også.

– Foreldra min er skilde, så eg hugsar godt korleis det var å sakne den som eg ikkje feira jul med. Sånn er det utruleg mange som har det. Og så vil vi jo helst at julaftan skal vere perfekt. Da er det ekstra vondt når alt ikkje er som det skal, seier Maja Lunde.

Maja har heldigvis lært seg noko viktig: At jula ikkje treng å vere perfekt. Ho kan vere bra akkurat sånn som ho er. Ei jul som er annleis enn det du hadde tenkt,



kan også vere ei fin jul. Dette snakka ho og Lisa Aisato masse om da dei laga boka *Snøsøstera*, og sånn er det i boka også. Lisa har laga dei fine bilda til boka, mens Maja har skrive teksten.

– Om vennen din guarar seg til jul, kan det vere lurt å

spørje om grunnen til det. Og så kan du høyre om det er noko du kan gjere. Kanskje du og vennen din kan lage ein eigen juletradisjon i lag? Men om det er noko alvorleg som gjer at du guar deg til jul, må du snakke med ein vaksen om det, seier Maja Lunde.

- Det er det Julian må gjere i *Snøsøstera*. Han må tore å seie til foreldra sine at sånn som vi har det no, det er ikkje greitt. Og da er det større sjanse for at alt blir betre. Slik det blir for Julian og familien hans.

Maja Lunde er forresten eit skikkeleg julemenneske. For sjølv om ho ofte sakna nokon i jula da ho var lita, var foreldra hennar flinke til å lage ei fin jul. Derfor har ho mange gode minne frå barndommen. No når ho har blitt vaksen, har Maja blitt veldig glad i julekosen. Ho kan kjenne julestemninga i heile kroppen sin. Og ho pyntar huset sitt i Villa Kvisten- stil. Kanskje liknar no litt på Hedvig?

- Det er eit ljøs inni meg og små eksplosjonar av glede i hovudet. Jula for meg er maksimalistisk, varm og kjemperaud. Men det viktigaste med jula er at vi har det hyggeleg, ikkje at vi prøver å ha det perfekt, seier Maja Lunde. ●











John

John er bestekompisen til Julian. Dei er dei lågaste og spinklaste i klassen, og så er dei begge dårlege i fotball. Julian og John har det alltid kjekt i lag, og dei pratar og ler så mykje at dei rullar rundt på golvet og ristar. Men det var før Juni døydde. No ler dei ikkje lenger og Julian har ikkje lenger noko å seie til John.





Henrik

Henrik er ein mystisk mann med langt grått skjegg som ber på ein stor nøkkel. Han er ganske gamal, slik som ein bestefar, men han ser ikkje så hyggeleg ut som ein bestefar skal. Julian ser han ofte utanfor Villa Kvisten, og kva gjer Henrik her, tru? Kanskje veit Henrik meir om korleis Julian har det, enn kva Julian fyrst trur? Og kanskje Henrik og Julian er likare enn det Julian fyrst tenkjer?



Hedvigs perfekte julekakao

Lag favoritten til Julian og Hedvig!
Denne drikken er perfekt for kalde dager og varme vennskap.

Server han rykande fersk, og kanskje
med ei peparkake ved sida av?



150 g mørk kokesjokolade
1 liter heilmjølke
1 kanelstong

1 dl kremfløyte
2 ts sukker

1. Hakk sjokoladen i mindre bitar og hell den over i ein mellomstor kjele.
2. Hell i 1 dl mjølke, kanelstonga og varm opp så sjokoladen smeltar.
3. Hell så i resten av mjølka og varm opp.
4. Pisk kald kremfløyte og sukker til ein stiv, men mjuk krem.
5. Server kakaoen med piska krem.

Julian er fødd på julaften og elsker kakao. Bloggar og bakar
Ida Gran Jansen er fødd på veslejulaften og elsker kakao nesten
like mykje. Men du treng ikkje å vere fødd i jula for å sette pris på
ein varm og deilig kopp sjokolade, så lenge du har ei god oppskrift.

Og vi har vore så heldige å få oppskrifta
til Ida som ho no deler med oss alle.






Foto: Modern Times Group



Mamma

Mora til Julian pleidde alltid å fortelje morosame ting om kva som hadde skjedd på jobben, og ho lo ofte så høgt at Julian blei heilt flau. Faren til Julian sa at det var denne latteren han fall for da han blei forelska i ho. Men no er mamma heilt stille og det einaste ho vil prata om er keisame ting som vêret, og alt ho gjer er keisame ting som å vaske og lese avisa.





Pappa

Faren til Julian ville alltid planlegge kva han og Julian skulle finne på, både i helga og om eit år, og han pleidde å gle seg sånn at han kunne gjere små hopp i stolen. Men etter at Juni døydde er pappa mest sløv og fjern. Han gler seg ikkje lenger til jul eingong. Kanskje treng foreldra til Julian hjelp til å hugse jula? Som Hedvig seier: "Jula er ei sånn fin tid, at det er viktig å hugse på den heile tida!"









**DET
NORSKE
TEATRET**



OBOS

netnordic 

DET NORSKE TEATRET.NO